



«Adresseblokk»

Dato: 15.03.2016
Vår ref.: 2016/3268-2
Saksbehandlar: troalve
Dykkar ref.:

Invitasjon til informasjonsmøte om vekslingsmodellen i frisørfaget - Hausten 2016

Du har søkt utdanningsprogrammet design- og handverk VG1 frå hausten 2016, og får med dette ein invitasjon til å søkja deg til vekslingsmodellen i frisørfaget.

I Hordaland er det oppretta eit tilbod om vekslingsmodell som ei forsøksordning. Innan design- og handverk, frisørfaget, er tilbodet på Årstad vidaregåande skole. Fordelen med vekslingsmodellen er at den kombinerer teori og praksis gjennom eit fireårig utdanningsløp. Undervisninga er yrkesretta mot nettopp frisørfaget. Du er elev dei 6 første månadane og inngår deretter lærekontrakt i faget med dei plikter og rettar som følgjer for arbeidstakarar. Varigheit på lærekontrakten vil være tre og eit halv år. Både i elevperioden og i lærlingperioden vekslar du på å være ute i bedrift og inne på skulen.

Vi søker ungdom som ønskjer meir arbeidslivretta opplæring, og er motivert og har bestemt seg for at det er frisør du vil bli. Vekslingsmodellen er eit opplæringsløp på 4 år, frå start i skule til du er klar for å gjennomføre sveineprøva i frisørfaget.

Opplegget er laga i nært samarbeid med Norske Frisør og Velværebedrifters Fylkesutvalg, Frisørfagets opplæringskontor, Årstad vidaregåande skule og Hordaland Fylkeskommune som prosjektleiar og eigar. Aktuelle kandidatar vil bli kalla inn til intervju med Frisørfagets opplæringskontor og Årstad vidaregåande skule. Frisørbransjen er opptatt av gode faglige kvalifikasjonar og har profesjonelle bedrifter med fokus på kundar og tilsette. Læreplass vil være i ei godkjent lærebedrift. Det er gode muligheiter til å få seg fast jobb etter fullført utdanning.

Vi inviterer derfor nettopp deg med føresette til informasjonsmøte på Årstad vidaregåande skule:

18. april 2016 kl. 1730.
Stad: Årstad vidaregåande skole, auditorium B
Fjøsangerveien 38 på Danmarks plass.

Lenkje til skulen sin heimeside: <http://arv.hfk.no>

Søknadsfrist til vekslingsmodellen: 7. mai 2016.

Kontaktpersonar:

Frisørfaget:

Linda Nesøy, Frisørfagets Opplæringskontor Tlf. 55 31 43 34

post@fobergen.no

Årstad vidaregåande skule:

Iren Frantzen, Årstad vidaregåande skule Tlf.57 30 60 22

Iren.frantzen@hfk.no

Anne Helene Skogland, Årstad vidaregåande skule Tlf. 57 303 60 12

anne.skogland@hfk.no

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Trond-Harald Alvær
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.